

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Voss

Emne:

Bygdelag: Kvitlæ.

Oppskr. av: Johannes Lid

Gard: Lid.



(adresse): Botanisk Museum, Oslo.

G.nr. 189 Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, i tida 1890- 1900.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Ja, det var fast skikk.
2. Enkeltvis kom dei.
3. Nei, det var ingen avtale, somme dagar kunne det komma fleire, andra dagar ingen.
4. Eit par dagar etter fødselen.
5. Dei kom berre ein gong.
6. Det kunne vera rjomegraut eller smørgraut, ikkje sjeldan var det svidskegraut eller fruktgraut.
8. Grauten var i "krus", 2-liters, eller oftast 3-liters krus. Ei krus var på Voss oftast av kvitt steinty, men kunne òg vera litt fargedekorert. Form:  Konene bar helst krusa i ei korg. Den tida hadde gjerne kvar kone ei slik stor svart korg med låk på og henker (bunde av nokså granne teiger eller pilekvister. Dei vart innførde og selde av handelsmennene. <sup>Rombang</sup> ca 12-15 l. 
9. Alt heitte ~~Barselkonemat eller Barselkonegraut.~~ Men det kunne òg heita sengjakonemat, -graut, ja det var det det heitte!
10. Ja, kona gjekk sjølv, kunne ikkje bringa nokon annan.
11. Mannen var aldri med.
12. Ja, det var alltid litt traktering, det var visst oftast kaffi og kaker.
13. Eg kjenner ikkje skikken etter 1900. Før den tid var det aldri tale om å senda blomster (avskårne).
17. Nei, noko gåve til den nyfødde brukte dei ikkje.
19. Ja, det var "skitlaveitla" og det var oftast nede på Vangen, etter dåpshandlingen, det var mange som heldt til hos Simon Olsen eller hos Legreien.
- 20-22. Skitlaveitla var for fadrane og kanskje nokre få til av næraste skyldfolket, berre dei som var bedne.

29. mai 1954.

Johannes Lid

9542